INFOSLIPPEN
No. 1/ 2019



Innhald:

-Referat frå årsmøtet 2018
-Årsmelding 2018
-Reknskap for 2018
-Aktivitetar 2019

Referat frå årsmøtet 16. november 2018

Tid og stad: Fredag 16.11. klokka 19:00, Sunde Fjordhotell, Sula.

Tilstades var: Bjørn Nybø, Arild Gravdedehaug(s), Geir Eide(s), Torgeir Båtnes(s), Gagnat, Leif Karl Skorpen, John Cristian Nygård, Steinar Sjøholt, Jørn Harald Høydal, Roy Andreassen, Lars Røsok, Nina Jones(s), Roar Indergaard, Bernhard Øyangen, Tor Arild Malin, Per Villa, Terje Slåtten
(s)=styremedlem

1) Godkjenning av innkalling: Dei frammøtte hadde høve til å komme med innvendingar til møteinnkallinga, men slike kom ikkje og møtet vart sett 19:05.

2) Val av ordstyrar: Bjørn Nybø

3) Val av referatskrivar: Torgeir Båtnes

4) Årsmelding: Årsmelding vart opplest av formannen. Ingen kommentarar frå årsmøtet.
Årsmeldinga ligg ved referatet.

5) Reknskap: Reknskapet vart lagt fram slik som det ligg ved dette referatet. Økonomien er god.
Inntekter på 58.611,- er frå Vårskjelven, kontingent og momskompensasjon.
Utgifter er 45.743,- dette er 10% av verdier (telt, vogn etc..) er avskreve, leige datasystemer (nettside), årsmøte, reg.henger, porto, annet, Vårskjelven.
Totalt eit driftsoverskot medrekna avskrivingar på 12.868,-
Kontantar i kassa er 32.514,- og på bok er der 61.805,-
Reknskapet vart godkjent av årsmøtet.
Kontingenten aukast? Nei, ikkje no heller. Vert som tidlegare 100,- året.

6) Val av nytt styre: Desse verva var på val: Formann, Skrivar og Treffansvarleg.
Valnemnda har spurt sitjande skrivar om å ta ei periode til, noko han takka nei til. Valnemnda si innstilling for ny skrivar er: Roy Andreassen
Valnemnda har spurt sitjande treffansvarleg om å ta ei periode til, og det sa ho seg viljug til.
Valnemnda har spurt sitjande formann om å ta ei periode til, og det sa han seg viljug til.

Årsmøtet si innstilling til dei verva i styret som er på val er:

* Formann	: Arild Gravdehaug	valperiode 1 år
* Skrivar	: Roy Andreassen	valperiode 2 år
* Treffansvarleg	: Nina Jones	valperiode 1 år

Årsmøtet si innstilling for formann, skrivar og treffansvarleg vart einstemmig innklappa.
Atle Morsund held fram som heimesideansvarleg/pressetalsmann.
Ny valkomité for 2019 vert Torgeir Båtnes og Bjørn Nybø.

7) Aktivitetar/Fredagsmøta 2019, sjå vedlagt liste.

8) Vårskjelven: Det har kome ønske frå Fosningane, som vil kome på Vårskjelven med moped, at vi arrangerar Vårskjelven i helga rett etter Kristi Himmelfartsdag. Dette då dei treng ein ekstra dag (langfri) for å kome seg til Vårskjelven på moped. Dette medfører at Vårskjelven forslagsvis må arrangerast 31.05.-02.06. i staden for den første «heile helga» i juni, som er 07.-09.06. (pinsehelga). Det er og andre større arrangement i pinsehelga som kolliderer med evt. arrangering av Vårskjelven, som Trondhjemsrittet 1919. Årsmøtet stemte derfor for å arrangere Vårskjelven 31.05.-02.06.

9) Eventuelt: Thor Longva har informert formannen om at If forsikring tilbyr rimelige LMK-forsikringar for veterankøyrety.

Årsmøtet vart so heva klokka 20:10, og vi gjorde oss klar til å innta årets julebord.

Styret for 2019:

Formann:
Arild Perry Gravdehaug
Selneset
6393Tomrefjord
tel. 952 50 534
a.p.gravdehaug@xi.no

Skrivar:
Roy Andreassen
Blomstervegen 9A
6017 Ålesund
mob. 934 19 918
royandr3@live.no

Kasserar:
Geir Eide
Skulevegen 2
6260 Skodje
mob. 941 48 609
geir.eide@skodje.org

Treffansvarleg:
Nina Jones
Tuenesvegen 15
6006 Ålesund
tel. 920 80 973
nina.lynn@live.no

Pressetalsmann:
Atle Morsund

Ola Fladmarksveg 6
6412 Molde
tel. 712 76 043
mob. 408 43 772
atle@morsund.no

Web: www.nvmc-sunnmore.no
Facebook: www.facebook.com/groups/169188467590

Til slutt gjer vi medlemmane merksame på:

-Medlemskontingent 2019
Denne er på kroner 100,- og må betalast inn v.hj. av giroblankett lagt ved denne forsendinga.De som ikkje har betalt for 2018 vert oppmoda om å betale vedlagt purring omgåande. Frist for innbetaling er sett til: **31. Mars 2019.**

Vi i styret ynskjer dykk alle
ei God Jul og eit velsigna, innhaldsrikt Godt Nytt År!

Årsmelding 2018 for NVMC avd. Sunnmøre

Nok eit år er gått, det 30 i klubben si historie, og tida er komen for ei oppsummering av klubb hendingane i 2018.

Igjen eit år utan dei store forandringane. Den største forandringa er vel kanskje at formannen har lete seg overtala av skrivaren, til å nytta nynorsk i årsmeldinga.

Fredagsmøta har gått etter oppsettet som blei gjort på siste årsmøte. Tek raskt opp igjen dette.

Januar-møte blei halde i Head Stone sine lokalar, av Nina og Roar. Her blei det framsyning av gamle bilete, frå tida då nokon av oss enda var unge.

I februar tok me turen ut til Bernhard Øyangen, for godprat og sjekk av prosjekta hans. Der var alt på stell, som vanleg.

I mars held formannen ei samling i Skorgen. Der fekk vi ein gjennomgang og demonstrasjon, av sveising med Magna produkt. Så får vi håpa at dei frammøte, fekk litt att for turen.

April var tida for eit møte ute på Fiskarstranda, i lokala til RS motor og nede i «krypten» til Nygård, Nybø, og Båtnes. Her var det både nye og gamle syklar å kvile auga på.

I mai møtte vi mannsterke opp på Borgund Vidaregåande skule, for ein kontroll av lære-forholda til dei som skal skru på bilane våre, når vi ikkje lengre kan/vill. Vi må vel seie at det ikkje er læreforholda det skortar på. Så med all den staute ungdomen me har, ser dette lyst ut.

Første helga i juni var som vanleg tid for Vårskjelv. Her møtte det bra med folk opp, trass i litt varierande vêrmeldingar. Meir om dette under.

Første helga i September skulle det vare Nausta fest på lorja. Den blei flytta til helga etter, og til eit heidundrande uver. Men trass i dette, og kolliderande opplegg, møtte 8-10 stk. Flott levert, og vi freistar vel igjen neste år Torgeir?

5 oktober heldt Atle samling, i sivilforsvaret sitt anlegg på Molde. Har forstått det slik, at dette samla om lag 20 stk. Imponerande, når ein tek med at Sunnmøringane måtte ut med heile 2 ferjebillettar, for å koma seg fram og tilbake.

Årets sesong blir avslutta på Sunde Fjordhotell 16/11 med årsmøte/julebord. Det har vore bra oppmøte på dei aller fleste av møta, og ein kan vel difor seie at malen vår er nokon lunde fungerande. Men gode idear blir av styret motteke med glede.

Vårskjelven var igjen vellykka, og dei 123 deltakarane, såg ut til å trivast. Vips ser ut til å verta meir og meir utbredd som betalingsmiddel, og det lettar i alle høve arbeidet, til den som sit i sekretariatet. Når det gjeld det økonomiske, tek kasseraren meir om dette.

Det blei ut på hausten kjent, at ein av grunnleggarane av klubben, Johan Steffen Fivelstad, var gått bort så alt for tidleg. Det blei då kosta ein bårebukett, med ein siste helsing frå klubben. Buketten blei lagt på av Jan Kåre Vadset.

På slutten av året har Nvmc avd Sunnmøre inngått ein tilknytings avtale med Moderklubben. Denne er vel meir prega av fine ord, en av dei store nyhenda. Men der står litt om retten til å søkje om M.V.A. refusjon, og tilskot til arrangemang, samt rett til å søkje om støtte, der vi har gått på eit underskot i arrangemang. Av meir praktiske ting, fører dette til at vi tek over dei 2 flagga til moderklubben, dei som vi har hatt oppe på Vårskjelven. Formannen har nokre kopiar av avtalen, om nokon vil sjå den. Elles så trur eg vi legg avtalen ut på heimesida vår.

Klubblageret/hengaren er som før lagra hjå formannen.

Styret har i 2018 bestått av følgjande:

Forman Arild Gravdehaug, kasserar geir Eide, sekretær Torgeir Båtnes, treffansvarleg Nina lynn Jones, og heimeside ansvarleg Atle Morsund. Styret har også i år brukt elektronisk post, og fredagsmøta til den kontakta vi har trengd.

Styret vil med dette takka for det gamle, og ynskja alle eit godt nytt år.

Reknskap 2018
for NVMC avd. Sunnmøre

NVMC-Sunnmøre

Resultat

Periode: 1 - 12
Regnskapsår: 2017

Dato: 14.11.2018
Side: 1

Konto	Tekst	Reelt i periode	Reelt periode i fjor	Reellt avvik
Driftsresultat				
	Driftsinntekter			
	Salgsinntekter			
3000	Salgsinntekter, uttak, avg. pliktig	-7 500,00	-7 400,00	-100,00
3095	Inntekter Vårskjelven	-42 994,31	-45 827,41	2 833,10
3100	Salgsinntekter, uttak, avgiftsfritt	0,00	0,00	0,00
3440	Rammetilskudd/Refusjon NVMC	-2 543,00	-2 263,00	-280,00
	SUM Salgsinntekter	-53 037,31	-55 490,41	2 453,10
	Andre inntekter			
3792	Julebord	-573,25	0,00	-573,25
3990	Annen driftsrelatert inntekt	-5 000,00	0,00	-5 000,00
	SUM Andre inntekter	-5 573,25	0,00	-5 573,25
	SUM Driftsinntekter	-58 610,56	-55 490,41	-3 120,15
	Driftskostnader			
	Varekostnad			
4015	Årsmøtekostnad	0,00	2 200,00	-2 200,00
4230	Rekvisita/kontorutstyr	501,00	0,00	501,00
	SUM Varekostnad	501,00	2 200,00	-1 699,00
	Andre driftskostnader			
6000	Avskrivning på bygninger og fast eiendom	6 930,00	7 339,00	-409,00
6420	Leie datasystemer	1 608,00	420,00	1 188,00
6940	Porto	2 168,00	2 765,00	-597,00
7090	Annen kostnad transportmidler	0,00	0,00	0,00
7500	Forsikringspremie	4 517,00	2 115,00	2 402,00
7710	Utgifter Vårskjelven	7 701,00	15 446,25	-7 745,25
7711	Campingplassen	0,00	18 400,00	-18 400,00
7791	Annen kostnad, ikke fradragsberettiget	7 326,38	0,00	7 326,38
7792	Utgifter til Julebord	0,00	1 800,00	-1 800,00
7795	Mat til VÅRSKJELVEN	14 052,61	0,00	14 052,61
7797	Premier Vårskjelven	939,00	0,00	939,00
7830	Konstaterte tap på fordringer	0,00	0,00	0,00
	SUM Andre driftskostnader	45 241,99	48 285,25	-3 043,26
	SUM Driftskostnader	45 742,99	50 485,25	-4 742,26
	SUM Driftsresultat	-12 867,57	-5 005,16	-7 862,41
Finansinntekt og -kostnad				
	Finansinntekter			
	Renteinntekter			
8040	Renteinntekt, skattefri	-36,00	-38,00	2,00
	SUM Renteinntekter	-36,00	-38,00	2,00
	SUM Finansinntekter	-36,00	-38,00	2,00
	Finanskostnader			
	Rentekostnader			
8140	Rentekostnad, ikke fradragsberettiget	189,12	71,50	117,62

Balanse

Periode: 1-12
Regnskapsår: 2017

Konto	Tekst	Inngående balanse	Reelt i periode	Utgående balanse
	Eiendeler			
	Anleggsmidler			
	Varige driftsmidler			
1190	Andre anleggsmidler	29 671,01	-2 967,00	26 704,01
1195	TELT	39 638,05	-3 963,00	35 675,05
	SUM Varige driftsmidler	69 309,06	-6 930,00	62 379,06
	SUM Anleggsmidler	69 309,06	-6 930,00	62 379,06
	Omløpsmidler			
	Fordringer			
1500	Kundefordringer	700,00	600,00	1 300,00
	SUM Fordringer	700,00	600,00	1 300,00
	Bankinnskudd, kontanter o.l.			
1900	Kasse, kontanter	1 237,00	31 277,00	32 514,00
1920	Bankinnskudd	77 937,40	-16 132,36	61 805,04
	SUM Bankinnskudd, kontanter o.l.	79 174,40	15 144,64	94 319,04
	SUM Omløpsmidler	79 874,40	15 744,64	95 619,04
	SUM Eiendeler	149 183,46	8 814,64	157 998,10
	Egenkapital og gjeld			
	Egenkapital			
	Over-/underskudd			
8800	Udisponert årsresultat (overskudd)	0,00	-12 714,45	-12 714,45
	SUM Over-/underskudd	0,00	-12 714,45	-12 714,45
	Opptjent egenkapital			
2050	Annen egenkapital	-146 783,65	0,00	-146 783,65
2080	Udekket tap	700,00	800,00	1 500,00
	SUM Opptjent egenkapital	-146 083,65	800,00	-145 283,65
	SUM Egenkapital	-146 083,65	-11 914,45	-157 998,10
	Gjeld			
	Kortsiktig gjeld			
2400	Leverandørgjeld	-3 099,81	3 099,81	0,00
	SUM Kortsiktig gjeld	-3 099,81	3 099,81	0,00
	SUM Gjeld	-3 099,81	3 099,81	0,00
	SUM Egenkapital og gjeld	-149 183,46	-8 814,64	-157 998,10

Saldooversikt

Dato: 14.11.2018

Regnskap: NVMC-Sunnmøre
Beskrivelse:
Periode: 01.11.2017 til 31.10.2018

Konto	Kontonavn	Type	Inng. balanse	Til	Fra	Bevegelse	Utg. balanse
1190	Andre anleggsmidler	Aktiva	29 671,01	0,00	2 967,00	-2 967,00	26 704,01
1195	TELT	Aktiva	39 638,05	0,00	3 963,00	-3 963,00	35 675,05
1500	Kundefordringer	Aktiva	700,00	8 100,00	7 500,00	600,00	1 300,00
1900	Kasse, kontanter	Balanse	1 237,00	32 465,00	1 188,00	31 277,00	32 514,00
1920	Bankinnskudd	Balanse	77 937,40	39 069,56	55 201,92	-16 132,36	61 805,04
2050	Annen egenkapital	Passiva	-146 783,65	0,00	0,00	0,00	-146 783,65
2080	Udekket tap	Passiva	700,00	800,00	0,00	800,00	1 500,00
2400	Leverandørgjeld	Passiva	-3 099,81	3 099,81	0,00	3 099,81	0,00
3000	Salgsinntekter, uttak, avg. pliktig	Inntekt	0,00	100,00	7 600,00	-7 500,00	-7 500,00
3095	Inntekter Vårskjelven	Inntekt	0,00	0,00	42 994,31	-42 994,31	-42 994,31
3440	Rammetilskudd/Refusjon NVMC	Inntekt	0,00	0,00	2 543,00	-2 543,00	-2 543,00
3792	Julebord	Inntekt	0,00	6 832,00	7 405,25	-573,25	-573,25
3990	Annen driftsrelatert inntekt	Inntekt	0,00	0,00	5 000,00	-5 000,00	-5 000,00
4230	Rekvisita/kontorutstyr	Utgift	0,00	501,00	0,00	501,00	501,00
6000	Avskrivning på bygninger og fast eiendom	Utgift	0,00	6 930,00	0,00	6 930,00	6 930,00
6420	Leie datasystemer	Utgift	0,00	1 608,00	0,00	1 608,00	1 608,00
6940	Porto	Utgift	0,00	2 168,00	0,00	2 168,00	2 168,00
7500	Forsikringspremie	Utgift	0,00	4 517,00	0,00	4 517,00	4 517,00
7710	Utgifter Vårskjelven	Utgift	0,00	7 701,00	0,00	7 701,00	7 701,00
7791	Annen kostnad, ikke fradragsberettiget	Utgift	0,00	7 369,00	42,62	7 326,38	7 326,38
7795	Mat til VÅRSKJELVEN	Utgift	0,00	14 052,61	0,00	14 052,61	14 052,61
7797	Premier Vårskjelven	Utgift	0,00	939,00	0,00	939,00	939,00
8040	Renteinntekt, skattefri	Inntekt	0,00	0,00	36,00	-36,00	-36,00
8140	Rentekostnad, ikke fradragsberettiget	Utgift	0,00	189,12	0,00	189,12	189,12
	Sum		**0,00**	**136 441,10**	**136 441,10**	**0,00**	**0,00**

Aktivitetar Vinter / Vår 2019:

Fredag 04. Januar Arild P. Gravdehaug tek imot oss heime i si eiga stue, på Selneset v/Tomrefjorden. Ring Arild P. på 952 50 534 om du treng GPS koordinatar.

Fredag 01. Februar Vi skal ut til Bernhard Øyangens residens på Lingehaugane 1, Slinningen, Hessa/Ålesund. Der er det mykje teknisk snadder å kike på, både motorsykklar og maritimt. Ring Benna på 900 66 094 for info.

Fredag 01. Mars Lars Røsok inviterer oss til Harøya, der det vert garasjebesøk med høve for overnatting. Ring Lars på 926 02 664 for info og tinging av overnatting.

Fredag 05. April Runar Sæthre tek i mot oss på RS Motor og Marine, som ligg i dei gamle Nordstrikk-lokala på Fiskarstrand, rett over vegen for skulen. Der vert det høve til å sjå på fjonge syklar av nyare dato frå Moto Guzzi, Honda, Aprilia, Vespa m.fl., og nokre klenodier er der og. På verkstaden vert det servert godsaker på langbord. I «Krypten» under butikken, vil Bjørn, John Christian og Torgeir B. vise fram nokre av prosjekta dei held på med der. Ring Runar på 906 66 157 om du treng rettleiing.

Fredag 10. Mai Vi vonar på godt vêr, og sadlar opp for ein tur til Rekdal, der Jan Olav Røysland tek vel imot oss på den raude Sjøbua. Ring Jan Olav på 977 38 751 for info.

31. Mai - 02. Juni **VÅRSKJELVEN 2019**
Sjå eiga annonse i Sidevogna og på www.nvmc-sunnmore.no

Aktivitetar Hausten 2019:

Fredag 06.-07. September Torgeir Vatnehol tek opp att suksessen frå førre året med «naustafest» på Lorgja, Ellingsøya. Det vert høve til overnatting, meir info kjem etter kvart på heimesida www.nvmc-sunnmore.no og på fjøsboksida vår.
Ring Torgeir Vatnehol på 928 13 390 for info og påmelding.

Fredag 04. Oktober Roar & Nina tek imot oss i triveleg atmosfære på Headstone MC med vaflar og varm kaffi, og muligens framsyning av lysbilete.
Headstone MC held til i Ålesund/Skutvika, Ivar Aasens gt. 16.
Ring Nina på 920 80 973 om du slit med å finne fram.

Fredag 15. November Årsmøte/julebord 2019. Eiga innkalling vert sendt ut.